




# Aukra kommune

## Planomtale

for

## Rindarøy

### Detaljregulering



Arkivsak	2014/820	
PlanID	201404	
Vedtatt		
Forslag ved	<input type="checkbox"/>	Offentlig ettersyn, <i>dato</i>
	<input type="checkbox"/>	Sluttbehandling, <i>dato</i>



## Innhald

1	Bakgrunn.....	3
1.1	Innleiing.....	3
1.2	Føremålet med planarbeidet .....	4
1.3	Om forslagsstillar .....	4
2	Tilhøvet til andre planar .....	4
2.1	Kommuneplan.....	4
2.2	Reguleringsplanar .....	4
3	Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve.....	5
3.1	Plassering.....	5
3.2	Storleik på planområdet .....	5
3.3	Topografi.....	5
3.4	Dagens arealbruk.....	5
3.5	Kulturminne.....	5
3.6	Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML) .....	6
3.7	Vegetasjon .....	6
3.8	Trafikktilhøve .....	6
3.9	Kollektivtrafikk.....	7
3.10	Grunntilhøve.....	7
4	Omtale av planforslaget.....	7
4.1	Planavgrensing .....	7
4.2	Planlagt arealbruk.....	7
4.3	Reguleringsføremål .....	8
4.4	Finansiering, nødvendig grunnerverv .....	8
5	Konsekvensar av planforslaget .....	8
5.1	Konsekvensutgreiing .....	8
5.2	Kulturminner og kulturmiljø.....	9
5.3	Naturmangfald .....	9
5.4	Friluftsliv .....	9
5.5	Landskap.....	9
5.6	Forureining (utslepp til luft, klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, og støy).9	9
5.7	Vassmiljø .....	9
5.8	Sikring av jordressursar (jordvern).....	9



5.9	Beredskap og ulukkerisiko, jf. plan- og bygningsloven § 4-3. ....	10
5.10	Moglege trugsmål som følgje av klimaendringar, risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred.....	10
5.11	Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett.....	10
5.12	Barn og unge sine oppvekstvilkår.....	10
5.13	Innverknad på konkurransetilhøve. ....	10
5.14	Overordna planer .....	10
5.15	Eksisterande busetnad.....	11
5.16	Naturverdiar etter NML.....	11
5.17	Vegetasjon .....	11
5.18	Landbruk.....	11
5.19	Kulturminne.....	11
5.20	Born- og unge sine interesser .....	11
5.21	Universell utforming.....	12
5.22	Støy .....	12
5.23	Risiko og Sårbarheit (ROS) .....	12
6	Planprosessen .....	12
6.1	Melding om oppstart.....	12
6.2	Andre høyring.....	12
6.3	Ny behandling etter vedtak i kommunestyret .....	12
6.4	Tredje høyring .....	13
6.5	Planprosess frå start til endeleg vedtak .....	13
	Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema).....	14

## 1 Bakgrunn

### 1.1 Innleiing

Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn vart vedteken 19.12.2001. Den opphavlege planen er seinare endra gjennom endring 01 (vedteken 05.11.2009) der føremålet var å leggje til rette for utviding av Vikenco AS sitt anlegg, og seinare mindre planendring 02 (vedteken 30.05.2012) der føremålet var uttak av masse på Obersthaugen til bruk i bygging av blant anna veg og molo.

Det er tidlegare meldt start for ei ny reguleringsendring på Rindarøya, fyrst 15.04.2010, og deretter på nytt med eit utvida planområde 15.03.2012. På bakgrunn av dei innkomne merknadane etter den siste oppstatsmeldinga, og at Rindarøy no er under avhending som statleg



fiskerihamn, (jf. vedtak i kommunestyret datert 16.12.2010, sak 107/10) valde kommunen å melde ny oppstart av planarbeidet, denne gongen med heile Rindarøya inkludert i planforslaget.

Vidare har ein plan for Karlsholmen vore ute på 1. gongs høyring, men ikkje blitt lagt ut på ny høyring. Etter ei vurdering har kommunen vald å inkludere også dette området i planområdet.

Planforslaget som no ligg føre, dekkjer desse områda.

## 1.2 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å lage ein heilskapleg plan for Rindarøy med omsyn til tema natur, bustad, industri, trafikk og turisme, i tillegg ønskjer ein å samle dei eksisterande reguleringsplanane innanfor planområdet i den nye planen.

Eksisterande reguleringsplanar som skal opphevast og erstattast av ny plan er: Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn (vedteken 19.12.2001), Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn, endring 01 (vedteken 05.11.2009) og Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn, mindre planendringar 02 (vedteken 30.05.2012).

## 1.3 Om forslagsstillar

Aukra kommune ved plan- og utviklingsavdelinga er forslagsstillar og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen

# 2 Tilhøvet til andre planar

## 2.1 Kommuneplan

I gjeldande kommuneplan for Aukra kommune, vedteken 21.06.2006, er planområdet avsett til fylgjande føremål: Bustad, fritidsbusetnad, småbåthamn, hamn, industri, parkering, LNF, friområde, offentleg bygg og bandlegging etter lov om kulturminner. Reguleringsføremåla er vidareførte frå gjeldande reguleringsplanar, og er i samsvar med gjeldande kommuneplan, arealdelen. Den nye reguleringsplanen er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslov frå 2008 (heretter kald PBL), og vil gå parallelt med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

## 2.2 Reguleringsplanar

Planarbeidet vil få innverknad på følgjande gjeldande reguleringsplanar:

Planen sitt namn	Vedtaksdato	Plan-ID
Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn	19.12.2001	200103
Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn, endring 01 (Vikenco)	05.11.2009	200911
Reguleringsplan for Rindarøy fiskerihamn, mindre planendringar 02	30.05.2012	201112

Den nye planen skal oppheve og erstatte dei gjeldande reguleringsplanane, jf. punk 1.2. Den formelle opphevinga er teke med som eit punkt i saksframlegga til offentleg høyring og eigengodkjenning, og har heimel i PBL § 12-14.



### 3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

#### 3.1 Plassering

Planområdet ligg på Rindarøya og kringliggande område, på øya Gossen i Aukra kommune, som vist på bildet under.



#### 3.2 Storleik på planområdet

Storleiken på planområdet er 840 628 m<sup>2</sup>

#### 3.3 Topografi

Området er eit typisk kystlandskap med øyer og skjær. Rindarøya har eit høgdedrag i retninga sørvest-nordaust. Elles er området småkupert.

#### 3.4 Dagens arealbruk

Rindarøya er i dag dominert av anlegget til Vikenco AS (lakselakting og foredling), eksisterande bustader og fritidsbusetnad. Det er og oppført ein stor bauta (Roktamonumentet) sentralt på øya til minne om frakteskuta Rokta som forliste i 1938. Det er godt tilrettelagt med småbåthamn og kaier.

Karlsholmen er i dag i bruk til industri. I planforslaget, som ikkje er slutført, var området føreslege nytta til turisme.

#### 3.5 Kulturminne

Planleggjar har nytta GISLINK, og riksantikvaren si teneste Askeladden for å sjekke om planområdet inneheld kulturminne eller SEFRAK registreringar.



Det er ingen automatisk freda kulturminne registrert på Rindarøya, men lengst aust i planområdet er det to registrerte funn:

Lokalitet	Art	Status	ID
Løvik øvre - R1	Gravminne	Automatisk freda	92115
Løvik øvre - R2	Gravminne	Automatisk freda	92116

Desse to gravminna ligg i området kommunen planlegg ein tursti, og det er difor naudsynt å ta omsyn til desse i utforminga av turstien.

Innanfor planområdet er det 7 SEFRAK registreringar, av disse er 5 fjerna (grå trekant), 1 registrert utan bygningsnummer, medan 1 har status som anna SEFRAK-bygg (gul trekant):

Lokalisering	Art	Tidfesting	Funksjon
Gnr. 10 bnr. 8	Anna SEFRAK-bygg	1875-1899	Tidlegare fast bustad, no sommarhus

### 3.6 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)

Planleggjar har nytta naturbase for å sjekke om planområdet inneheld naturverdiar etter NML.

Innanfor planområdet er det ikkje registrert utvalte naturtypar/naturtypar

Innanfor planområdet er det ikkje registrert prioriterte artar/artar

Ved søk på raudlisteartar kjem det opp to treff innanfor planområdet:

Namn	Registrert	Status	Lokalisering	Registrering
Stær <i>Sturnus vulgaris</i>	2011	Nær trua	Rindarøy	Observasjon
Fiskemåke <i>Larus canus</i>	2011	Nær trua	Sjøområde rundt hamna på Rindarøy	Observasjon

### 3.7 Vegetasjon

Store delar av planområdet er myrlendt, og består av artar som er karakteristiske for dette miljøet. Busksjiktet består hovudsaklig av lyng, medan botnvegetasjonen består av ulike artar gras og mose.


### 3.8 Trafikktilhøve

Planleggjar har nytta Nasjonal vegdatabank (NVDB) for å finne informasjon om trafikkhøve.

Det er fylkesveg 216 som går gjennom planområdet. ÅDT er på 430 køyretøy, og strekninga har fartsgrense 80 og 50 km/t.

Når det gjeld andelen tunge køyretøy, er denne fjerna frå alle veger på Gossen. Grunnen er at det ikkje ligg føre gode nok registreringar å basere utrekningane på etter at Ormen lange anlegget vart sett i drift. Tidlegare berekningar var sett til 10 %, men dette er truleg noko lite med tanke på den anleggsverksemda som er på Gossen i dag. Andelen tungtrafikk er difor fjerna frå data om trafikkmengd inntil det vert gjennomført nye registreringar.

Det er ingen registrerte ulukker på strekninga dei siste fire åra.



### 3.9 Kollektivtrafikk

Bussrute 561, Aukra-Hollingsholmen-Molde-Årø passerer planområdet. Det er ikkje etablert busslommer innafor planområdet, og bussen stoppar derfor ved høve langs vegen. I det nye reguleringsplanforslaget er det regulert inn parkering, busstopp og snuplass for buss ved Roktamonumentet.

### 3.10 Grunntilhøve

Det er ikkje gjort vurderingar av grunntilhøva.


Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av «Humusdekke/tynt torvdekke over berggrunn» samt «Torv og myr».

Berggrunnskart viser at planområdet består av Gneis (migfattisk gneis).

## 4 Omtale av planforslaget

### 4.1 Planavgrensing

Planområdet omfattar heile Rindarøya, Karlsholmen og kringliggande område som vist i planavgrensinga i figuren under:



### 4.2 Planlagt arealbruk

Planforslaget vidarefører, så langt det let seg gjere, reguleringsføremåla i eksisterande planar, med enkelte endringar for å sikre framtidig utvikling av området. Av nye føremål kan nemnast ein universelt utforma turveg som fungerer som tilkomst til Roktamonumentet, ein parkeringsplass og snuplass for buss ved Roktamonumentet, gang- og sykkelveg og fortau for å sikre trygg



ferdsel for mjuke trafikantar og eit utvida industriområde og akvakulturområde sør for Karlsholmen for eventuell flytting av verksemda på Rindarøya.

### 4.3 Reguleringsføremål

#### Bygningar og anlegg

Bustader – frittliggjande småhus  
Fritidsbusetnad  
Fritid/turistformål  
Industri  
Leikeplass  
Kontor/tenesteyting

#### Samferdselsanlegg og teknisk

##### infrastruktur

Køyreveg  
Fortau  
Gang/sykkelveg  
Annan veggrunn – tekniske anlegg  
Annan veggrunn - grøntanlegg  
Kai  
Parkering

##### Grønstruktur

Naturområde – grønstruktur  
Turdrag  
Turveg  
Friområde

#### Forsvaret

Forsvaret

#### Landbruk-, natur og friluftsføremål

Landbruk-, natur og  
friluftsføremål  
Vern av kulturminner og  
kulturmiljø

#### Bruk og vern av sjø og vassdrag

Ferdsel  
Hamneområde i sjø  
Småbåthamn  
Akvakultur i sjø og vassdrag  
Kombinerte føremål i sjø og  
vassdrag med eller utan strandsone

#### Omsynssoner

Bandlegging etter lov om  
kulturminner, H730  
Frisikt


### 4.4 Finansiering, nødvendig grunnerverv

Dersom det vert nødvendig med grunnerverv vert dette gjennomført etter at reguleringsplanen er vedteken. Ansvarleg i kommunen tek synfaring på kvar eigedom saman med grunneigar for å kartlegge tilhøva. Dersom ein kjem til semje, vert kjøpekontrakt eller arbeidsløyve underskriven. Deretter vert erstatning utbetalt og anleggsarbeidet kan starte. Om ikkje partane vert samde går saka vidare til oreigningsvedtak.

## 5 Konsekvensar av planforslaget

### 5.1 Konsekvensutgreiing

Planforslaget er i samsvar med overordna planar, og føremåla er i stor grad vidareført frå gjeldande planar. Dei nye tiltaka som er foreslege i planområdet er vurdert opp mot denne konsekvensutgreiinga. I denne vurderinga er det sett på kva verknader planen kan få for miljø og samfunn. Ein har sett på dei punkt som er lista i forskrifta for konsekvensvurdering.







## 5.2 Kulturminner og kulturmiljø

Innafor planområdet er det registrert to gravrøyser. Desse er teke omsyn til i planen.

I arbeidet med planen har ein og vurdert kulturmiljøverdien av ei demning og nokre naust på Rindarøya. Demninga er vurdert til å ikkje ha kulturmiljøverdi, medan det er teke omsyn til nausta i planen.

## 5.3 Naturmangfald.

Det er ikkje registrert funn av naturmangfald av viktig karakter innafor planområdet i tilgjengelege datakjelder. Det er nokre observasjonar av artar på raudlista, desse er gjort i område som er planlagd urørt og vil difor vere tekne i vare.

NML § 7 og prinsippa i §§ 8-12 er lagt til grunn i kommunen si vurdering.

For å sikre naturvernområdet i Røabukta blir det lagt inn føringar for at trafikken som kjem sjøvegen til A2/I3 skal komme inn frå vest.

## 5.4 Friluftsliv

Den indre delen (Sør – søraust) av Rindarøya er i dag i stor grad nytta til bygningar og vegar. Den ytre delen er i stor grad urørt og er godt eigna til friluftsliv. Strandsona i den sørlege delen av planområdet er og godt eigna til denne typen aktivitet.

## 5.5 Landskap.

Ytre del av Rindarøya er urørt, og bør bevarast urørt. Dette gir ei fin avslutning av øya mot dei ytre sjøområda, og ei god visuell skjerming av område med bygg.

## 5.6 Forureining (utslepp til luft, klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, og støy).

Innafor planområdet ligg industriområdet I1, eit område som er foreslått utvida i denne planen. Ved eit kvart industriltak vil det vere ein risiko for forureining. Bedrifta som driv der i dag, Vikenco AS, har hatt ein del klagar frå bebuarar på støy og lysforureining. Ved utviding av området får bedrifta høve til å bygge nytt produksjonslokale og dermed og høve til å gjere fleire tiltak for å redusere støyforureininga. Ny tilkomstveg til industriområdet vil og vere med på å redusere støy på øya. Lysforureininga er allereie under utbetring.

Om verksemda har behov for utvidingar, legg planen opp til at industriområdet på Karlsholmen (I2) kan utvidast (I3) og verksemda kan flytte dit. Her blir det lagt føringar for plassering av bygningar og lasteområde.

## 5.7 Vassmiljø

Det er ingen vassressursar i planområdet.

## 5.8 Sikring av jordressursar (jordvern).

Det er eit jordbruksområde innafor planområdet, og dette er vidareført i ny plan.





### 5.9 Beredskap og ulukkerisiko, jf. plan- og bygningsloven § 4-3.

Bedrifter etablert innanfor eksisterande, eller nytt, industriområde må rette seg etter dei krav som gjeld for den type industri, og må gjere tiltak for å forhindre ulukke etter desse krava.

For å redusere risikoen for trafikkulukker er det planlagt ei utbetring av vegen ut på Rindarøya, utretting av svingen på Årgårdshaugen og ved brua ut til Karlsholmen. Planen legg opp til gangveg/fortau heile vegen frå Årgårdshaugen til Roktamonumentet. Ny tilkomstveg til industriområdet er og planlagt. Utbetring av vegane i området vil vere med på å redusere risikoen for ulukke.

### 5.10 Moglege trugsmål som følgje av klimaendringar, risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred.

Bygging av naust/orbuer er naturleg påverka av stormflo og havnivåstigning. Industriområdet ligg og i eit område som kan bli påverka av havnivåstigning og stormflo. Ein legg til grunn at utvidinga av industriområdet blir etablert på ein slik måte at ein sikrar seg mot denne risikoen. All bygging av naust/orbuer skal gjerast slik at det ikkje er risiko for skade ved stormflo og havnivåstigning. Det blir sett konkrete krav til høgder i føresegnene.

### 5.11 Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett.

Planen vil sikre tilkomst til den ytre delen av Rindarøya via området rundt Roktamonumentet, samstundes sikrar ein tilkomst til naturområdet på Gossen innafor planområdet.

For å sikre trygg tilkomst for gåande og syklande er det lagt opp til ei utbetring av vegen ut på Rindarøya og ein gang-/sykkelveg langs denne.

### 5.12 Barn og unge sine oppvekstvilkår.

Det har tidlegare ikkje vore regulert leikeareal på Rindarøya. Gjennom denne planen legg ein til rette for etablering av leikeareal på øya.

Det er planlagt ei omklassering av vegen på Rindarøya frå fylkesveg til kommunal veg, og ny tilkomst til industriområdet. Dette vil gjere at bustadområda på Rindarøya vil kunne få mindre trafikk.

### 5.13 Innverknad på konkurransetilhøve.

Utviding av industribygget, både i omfang og i høgde er naudsynt for vidare drift. Pr. august 2015 er det om lag 100 arbeidsplassar ved bedrifta. Konkurransesituasjonen i høve andre tilsvarande bedrifter andre stader langs kysten gjer det naudsynt å kunne oppgradere/utvide anlegget.

Skulle verksemda få ytterligare behov for utviding legg planen opp til at industriområdet på Karlsholmen kan utvides og verksemda kan flyttast dit i sin heilskap.

### 5.14 Overordna planer

Reguleringsføremåla er vidareført frå gjeldande reguleringsplanar, og er i samsvar med gjeldande kommuneplan, arealdelen. Den nye reguleringsplanen er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova frå 2008, og vil gå parallelt med rullering av kommuneplanen sin arealdel.





### 5.15 Eksisterande busetnad

Planforslaget vidarefører i stor grad eksisterande føremål i gjeldande reguleringsplanar, og det vil ikkje medføre negative konsekvensar for eksisterande bustader. Planforslaget legg til rette for at eksisterande fylkesveg vert lagt om noko slik at denne vert meir oversiktleg på strekninga Karlsholmen-Rindarøy, samstundes er det foreslege gang- og sykkelveg og fortau på denne strekninga som legg til rette for å trygge ferdsle for mjuke trafikantar. Tilkomstvegen til industriområde I1 er foreslege lagt om slik at denne no kjem på sørsida av anlegget. Dette vil føre til at dei fleste bustadane innanfor planområdet får redusert trafikk og anleggsstøy.

### 5.16 Naturverdiar etter NML

Kunnskapskravet i § 8 er oppfylt ved at ein har nytta eksisterande og tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase.

Det er ikkje registrert naturtypar eller artar innanfor planområdet, men det er gjort observasjonar av raudlisteartar med statusen nær trua. I områda der observasjonane er gjort, vil det ikkje verte lagt til rette for ny arealbruk, og området skal haldast i hevd slik det ligg i dag. Kommunen vurderer derfor at planforslaget ikkje inneber konsekvensar for naturmangfaldet slik at ein treng å sette avgrensingar for det vidare planarbeidet, eller at tiltakshavar vert pålagt å dekkje kostnadane, jf. §§ 9 og 11. Sjå også punkt 3.6.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal påverknad på eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet er eller vil bli utsett for. Basert på opplysningane over, kan ikkje kommunen sjå at dette er ei realistisk problemstilling.

### 5.17 Vegetasjon

Det er ikkje registrert prioriterte artar/ortar innanfor planområdet, jf. punkt 3.6. Den eksisterande vegetasjonen er så vanlig at det ikkje vil medføre negative konsekvensar å fjerne desse i samband med nye tiltak i området.

### 5.18 Landbruk

Planforlaget medfører ikkje negative konsekvensar for landbruket innanfor planområdet. Planforslaget vidarefører eksisterande føremål, og området skal nyttast til tradisjonelt landbruk som i dag

### 5.19 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje negative konsekvensar for dei eksisterande kulturminna innanfor planområdet. Dei to automatisk freda kulturminna som det vert vist til under punkt 3.5 er sikra gjennom bruk av omsynssone H730, «bandlegging etter lov om kulturminner».

Roktamonumentet, som er eit kulturminne frå nyare tid, er sikra gjennom bruk av føremålet «vern av kulturmiljø eller kulturminne».

### 5.20 Born- og unge sine interesser

Born og unge sine interesser har fått større merksemd i den nye plan- og bygningslova frå 2008. I planforslaget er dette oppfylt gjennom regulering av leikeplass ved bustadfeltet sør på Rindarøya. Dei andre bustadområda har god tilgang til uteområde eigna til leik gjennom dei





regulerte friområda. Eksisterande veg mellom områda på Karlsholmen og Rindarøya er knytt saman av ein lite oversiktleg veg. Gang- og sykkelvegen og fortauet som er tenkt regulert inn i planen, gjer det lettare å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar mellom disse områda.

### 5.21 Universell utforming

Nye tiltak i planforslaget vil bli utforma etter prinsippa om universell utforming, dette er også nedfelt i føresegnene.

### 5.22 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningsliner T-1442/2012, eller seinare vedtekne forskrifter/retningsliner som erstattar desse, leggast til grunn. Støynivå innandørs skal tilfredsstille krava i TEK 10, eller seinare vedtekne forskrifter/retningsliner som erstattar desse.

I merknad etter melding om oppstart datert 14.08.2014 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal stilt krav om at det vert gjennomført støyvurdering før planen vert endeleg vedteken. Støyvurdering er gjennomført.

For industriområdet gjeld eigne reglar som må følgjast.

### 5.23 Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit. Det blir her vist til utfylt sjekkliste i vedlegg 1.

## 6 Planprosessen

### 6.1 Melding om oppstart

Det blei varsla oppstart av planarbeidet 19.06.2014. Frist for innspel vart sett til 18.8.2014 (utvida merknadsperiode grunna ferieavvikling), og det kom inn totalt 11 merknader.

### 6.2 Andre høyring

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 05.03.2015 å leggje planforslaget ut til 2. offentlege høyring. Planforslaget var ute til 2. offentlege høyring i perioden 30.03.2015 – 15.05.2015. Det kom inn totalt 15 merknader.

### 6.3 Ny behandling etter vedtak i kommunestyret

Drift- og arealutvalet godkjente planen 03.06.2015 og sendte denne vidare til kommunestyret for endeleg vedtak. Kommunestyret valde å sende saka tilbake til administrasjonen for ny behandling for å sjå nærmare på tre punkt.

Dei tre punkta blei vurdert, og saken blei lagt fram for ny behandling i DRA 26.08.15. Planen blei på nytt godkjent og sendt vidare til kommunestyret, men før den kom opp fann administrasjonen grunn til å trekke saka og sende planen på ei tredje høyring etter endringar i planen.



## 6.4 Tredje høyring

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 05.10.2015 å leggje planforslaget ut til 3. offentlege høyring. Planforslaget var ute til 3. offentlege høyring i perioden 01.11.2015 – 14.12.2015. Det kom inn 3 merknader, nedanfor er disse kort refererte og kommenterte.

## 6.5 Planprosess frå start til endeleg vedtak

Melding om start	19.06.2014
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til ettersyn	03.12.2014
Reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn	05.12.2014
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til nytt ettersyn	05.03.2015
Reguleringsplanen vert lagt ut til 2. offentlege ettersyn	30.03.2015
DRA godkjenner reguleringsplanen	03.06.2015
Kommunestyret sender reguleringsplanen tilbake for ny handsaming.	18.06.2015
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til nytt ettersyn	28.10.2015
Reguleringsplanen vert lagt ut til 3. offentlege ettersyn	30.10.2015
DRA godkjenner reguleringsplanen	13.01.2016
Kommunestyret eigengodkjenner reguleringsplanen	
Klagefrist etter endelig vedtak av reguleringsplanen	



**Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)****1.1. Naturbasert sårbarhet**

Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko		Merknad <sup>[1]</sup>
	Ja	Nei	
<b>Ekstremvær <a href="http://www.met.no">www.met.no</a></b>			
Sterk vind	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Store nedbørmengder	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Store snømengder	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Flomfare <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a></b>			
Flom i elver/bekker	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Springflo	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Historisk flomnivå <sup>[2]</sup>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Strålefare <a href="http://www.nrpa.no">www.nrpa.no</a></b>			
Radon	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Skredfare <a href="http://www.skrednett.no">www.skrednett.no</a></b>			
Jord- og leirskred	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kvikkleireskred	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Lausmasseskred	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Snø- og isskred	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Steinras, steinsprang	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Historisk rasfare <sup>[3]</sup>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Dårlig byggegrunn</b>			
Setningar	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Utglidningar	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Skadedyr</b>			
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Anna?</b>			
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Aukra – full av energi

[1] I merknadsfeltet redegjøres blant annet for hvordan risikoen er håndtert i planen, eventuelt med referanse til aktuell planbestemmelse

[2] Kjenner man til at det har vært flom i området tidligere? Sjekk eksempelvis med lokalkjente

[3] Kjenner man til at det har gått ras i området tidligere? Sjekk eksempelvis med lokalkjente





## 1.2. Verksemdrelatert sårbarhet

Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko		Merknad
	Ja	Nei	
<b>Brann/eksplosjon</b>			
Brannfare	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Eksplisjonsfare	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Forureina vatn</b>			
Drikkevasskjelde	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Badevann, fiskevann, elver ol.	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Nedbørsfelt	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Grunnvassnivået	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Forureining – grunn<sup>[4]</sup></b>			
Kjemikalieutslepp	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Forureining – luft</b>			
Støy <sup>[5]</sup>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Støy kan forekomme frå eksisterande industri.
Støv/partikler/røyk	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Lukt	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Lagringsplass farlige stoffer<sup>[6]</sup></b>			
?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Skytefelt (militært/sivilt)</b>			
Støy	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Annen fare	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Smittefare</b>			
?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Strålefare/elektromagnetisk felt <a href="http://www.stralevernet.no">www.stralevernet.no</a></b>			
Høgspenlinje	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Trafo	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Andre installasjonar?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Fare i fht. tidlegare bruk</b>			
Gruver, opne sjakter, tipper?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Militære anlegg <sup>[7]</sup>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tidlegare avfallsdeponi	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Aukra – full av energi

[4] Nåværende/tidligere virksomhet på og ved området som kan ha forurenset grunnen. Vibrasjoner i grunnen?

[5] [http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/lover\\_regler/retningslinjer/2005/T-1442-Stoy-i-arealplanlegging.html?id=278741](http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/lover_regler/retningslinjer/2005/T-1442-Stoy-i-arealplanlegging.html?id=278741)

[6] Eksempelvis avfallsdeponi, industrianlegg, havner, bensinstasjoner, lagring av radioaktivt materiale.

[7] Eksempelvis fjellanlegg, piggrådsperringer etc.





## 1.3. Sårbarhet pga. infrastruktur

Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko		Merknad
	Ja	Nei	
<b>Forureining</b>			
Støy	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Noko støy i samband med vareleveransar.
Støv/partikler	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Lukt	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Trafikkfare</b>			
Trafikkulykker på vei	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Ulykker på nærliggande transportåre<sup>[8]</sup></b>			
Vann/sjø	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Luft	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Vei	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Damanlegg	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Bru	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
<b>Strategisk sårbare einingar<sup>[9]</sup></b>			
Sjukehus/helseinstitusjon	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Sjukeheim/omsorgsinstitusjon	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Skule/barnehage	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Flyplass	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Viktig vei	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Bussterminal	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Hamn	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Vassverk/kraftverk	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Undervassleidningar/kablar	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Bru/Demning	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Sjukehus/helseinstitusjon	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Aukra – full av energi

## 1.4. Anna

Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko		Merknad
	Ja	Nei	
<b>Kriminalitet</b>			
Fare for kriminalitet	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Frykt for kriminalitet	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

[8] Vil utilsiktet/ukontrollert ulykke på nærliggende transportåre/infrastruktur utgjøre risiko for området? Eksempelvis i forhold til transport av farlig gods? Ulykker i innflygingstrasé, brudd på vannledning? ol

[9] Objekter som kan være særleg utsatt for sabotasje/terror, og/eller er sårbare i seg selv - og derfor bør ha en grundig vurdering.

